

Frå idé til prosjekt i offentlig sektor

Har de ein prosjektidé og lurar på om Forskningsrådet er noko for dykk? Vi har verktøya, kompetansen, finansieringa og nettverka du treng for å komme i gang.

Prosjektkanvas

Passar ideen dykkar som grunnlag for eit innovasjonsprosjekt for offentlig sektor? Prosjektkanvas er eit verktøy som kan bidra med å finne styrkar og svakheiter med ideen deira og gi ei oversikt over prosjektet før eventuelle fagrådgivarar blir kontakta. Det kan hjelpe dykk til å utarbeide og vidareutvikle ideen til eit prosjekt, til å identifisere eventuelle manglar ved prosjektideen og til å presentere ideen til potensielle partnerar.

Last ned maler for prosjektkanvas

- Prosjektkanvas (pdf)
- Prosjektkanvas, redigerbar (pptx)

Rådgivarar over heile landet

Forskningsrådets regionsansvarlege bur og jobbar i regionane. Dei kjenner Forskningsrådets moglegheiter og fagpersonar godt, og har kjennskap til og dialog med næringslivsaktørar, forskingsmiljø, offentlig sektor og verkemiddelaktørane i regionen.

[Kontakt ein regionansvarleg.](#)

EU og Horisont Europa

Har du spørsmål om utlysingar frå EU og [Horisont Europa](#)?

Forskningsrådets nasjonale kontaktpunkt for EU kan svare på spørsmål og diskutere moglegheiter i europeiske utlysingar. Sjå kven som er nasjonale kontaktpunkt for dei ulike fagområda. Du kan også kontakte EU-nettverka Forskningsrådet støttar og som skal mobilisere til Horisont Europa.

[Kontakt Forskningsrådets eigne fagrådgivarar for EU-midlar.](#)

Samarbeid utanfor Europa?

Forskningsrådet har eigne land- og regionskontaktar som kan svare på spørsmål og diskutere moglegheitene for forskings- og innovasjonssamarbeid i land utanfor Europa. Sjå: [Samarbeid utanfor EU/EØS](#).

Publisert 25. mars 2019 | Oppdatert 23. apr. 2025

Last ned  | Del 

Meldinger ved utskriftstidspunkt 29. april 2025, kl. 09.11 CEST

Viktig informasjon

Til [utlysingane med søknadsfrist 30. april](#) kl. 13.00 betener vi vakttelefonen +47 22 03 72 00 måndag 28. april og tysdag 29. april kl. 08.00–15.45 og onsdag 30. april kl. 08.00–13.00.